



Fri utfolding i, med og til musikk er hovudtanken når András Hidas held kurs. Og han lukkast!

Inspirert og improvisert

– Tam-tam-trrrrom!
Suggererande tromming blandar seg med tut og blås frå flasker og fløyter, ispedd improviserte og til tider ganske lausslupne sangstrofer med påfølgjande latterbrøl.

Gunnhild Sindre

Vi har leika «fluge på veggen» i kantina ved Stryn ungdomsskule. I rommet held András Hidas musikkpedagogisk kurs for personell tilknytta barnehage og grunnskule i Stryn.

Kastar seg uti

Her skal inkje vere uprøvd når det gjeld verkemiddel for å stimulere til fri utfolding i, med og gjennom musikk. Ein av kursdeltakarane, Bjarte Sætre, demonstrerer spel på glas. Dei andre fell inn etter kvart med sine instrument, med song, nynning og improvisering akkompagnert av ivrige tilrop frå kursleiaren.

Frisk vekselsong vert dregen igang, munter improvisasjon mellom Bjarte Sætre og John A. Nesje, der sistnemnde etter kvart også dreg Erna Bø inn i «debatten». Ho følgjer opp, og kastar seg utan å nøle ut i ein spontan solosong som svar.

– Målet, seier kursleiar András Hidas, når gruppa tek ein pause for å trekkje pusten, er å lære dei



Dialog kan vere så mangt, med eller utan musikkinstrument. Bjarte Sætre og John A. Nesje fann tonen fort.

som arbeider med barn å vere førebilete. Å få lyst og mot til å opne seg i song, dans, alt som har med musikk å gjere.

Kulturkamp

Språk er også ein viktig del av kurset, og det høyrer med at Stryn, ved Tonning skule, er med på eit spesialprosjekt som gjeld bruk av dialekter.

– Det er viktig at barn får oppleve musikk og språk som viktige uttrykksmiddel for glede og sorg. Og dei treng oss som førebilete, seier András Hidas.

Som legg til:

– Vi er i ein kulturkamp. Sjå berre kva som skjer i USA. Eller her i landet, for den saks skuld, når ein 17-åring skyt jamnaldringar. Vi må tru på kunsten som eit oppdragande instrument i kvardagen. Gjennom musikalske aktivitetar

kan vi gje ungande ein ballast mot den sterke påverknaden av vald, fantasiløyse og estetisk fattigdom dei heile tida vert utsette for gjennom media, dataspel og leiker som vert produserte.

Veldig moro

András Hidas har i nær 20 år drive sin eigen musikkskule i Rælingen. Ved sidan av dette reiser han land og strand rundt og held musikkpedagogiske kurs/seminar, og dessutan kurs i meditasjonsteknikken Acem. Han har også gjeve ut diverse musikkpedagogisk undervisningsmateriell.

No er han godt i gang med eit treårig prosjekt i Stryn. Sist veke hadde han ny samling med kursdeltakarane, rundt 25 i talet.

– Veldig moro, seier Brynhild Bergh.

– Vi har fått kassetar og CD-



Det finst mange morosame og pedagogiske instrument. Idar Holen (nærast kamera) har funne seg godt tilrette som flaskeblåsar.

plater vi skal spele for ungene. La dei lytte og sjå korleis dei reagerer, la dei teikne, vise rørsler, danse og synge. Vi driv også med improvisasjon, og med å lære å kommunisere ved hjelp av rytme. Massasje til roleg musikk, tore å ta på kvarandre, er også tema vi har vore innom. Improvisering og frigjering, det å tore, har stått veldig sentralt.

Tore å vere seg sjølv

– Spannande, synest også ein annan kursdeltakar, John A. Nesje.

– Eg har fått mykje ny inspirasjon. Og det er noko som går ut over berre dette med musikken, det er snakk om frigjering i det heile. Det å tore å stå fram og improvisere, vere seg sjølv. Dette er noko vi prøver å formidle vidare til elevane.

Det er stor skilnad på gruppa frå

starten for to år sidan og i dag, når det gjeld dette å tore, seier Nesje.

– Vi er mykje friare i høve til å gjere ting, synge, danse, dramatisere og improvisere framfor andre.

Kommunikasjon i praksis

«Hvordan vi kan stimulere barns evne og vilje til å bruke språk og musikk som kommunikasjonsmidler» er eit hovudtema.

Og medan vi har snakka om kurset med kursdeltakarane, har András Hidas nytta pausen godt: På ein-to-tre har han samla ei gruppe nyfikne ungdomsskuleelevar, utstyrt dei med trommer og er i full gang med saftig samspel. Taktfast og rytmisk, medan han peikar på ein og ein av elevane og får dei til å improvisere ein liten solo på eiga tromme.

Kommunikasjon i praksis!